

Høyring Reguleringsføresegnerfor Lonena

GBR 185/284 mfl. Lindås kommune.

Denne vert og sendt som kopi til Statens vegvesen då det gjeld vegar.

6.3 Før bygningar takast i bruk.

6.3.1 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for bustader innanfor områdeplanen, må lyskrysset F 57 Lindåsvegen – Juvikstølen vere ferdig opparbeida.

Kommentar: Eg meiner vegen allereie er sprengt, og med lyskryss vert det alt for kaotisk. Særleg når bilar som kjem frå Isdalstø, og som står på raudt lys, vil ta plass og stenge for trafikk frå Isdalstø. Vi veit at her er det kaotisk særleg om morgonen når skulane skal starte.

Om vinteren etter snøfall må mange stoppe på raudt lys og vil ha problem med å starte igjen.

Eg meiner at her må tunnelen frå Isdalstø til Hagelsundbrua kome raskt.

Nytt punkt

6.3.1 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for bustader innanfor områdeplanen, må tunnelen frå Isdalstø til Hagelsundbrua vere ferdig.

Vidare skal lyskrysset E 39 – Lonsvegen vere ferdig opparbeid.

Dette vart sagt på folkemøte 18/6 på Knarvik barneskule , men står ikkje i planutkastet.